



## Møteprotokoll for Kommunestyret

**Møtedato:** 06.05.2021  
**Møtestad:** Bryggjeslottet på Mo  
**Møtetid:** 09:00 - 15:00

Orientering frå barnevernstenesta klokka 0900

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Kjetil Eikefet	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Robert Helland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Ole Kristian Øvre Helland	SO	Medlem	
Sigrunn Almelid Birkeland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Ove Eidsnes	SA	Medlem	Meldt forfall
Marit Kristin Nese	SA	Medlem	Meldt forfall

<b>Frammøtte varamedlemmer:</b>	<b>Parti</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Inga Jorunn Nåmdal	SA	Varamedlem	Vara for Marit Kristin Nese
Siren Bruvik	SA	Varamedlem	Vara for Ove Eidsnes

<b>Frå administrasjonen:</b>	<b>Funksjon:</b>	<b>Rolle</b>	<b>Merknad</b>
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
018/2021	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/2021	Godkjenning av møteprotokoll
020/2021	Orienteringssaker
021/2021	Revisjon av etiske retningslinjer for Modalen kommune
022/2021	Søknad om stønad frå Næringsfondet - "Arbeid til alle", prosjektfase 1
023/2021	Ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall for deltakarkommunane i NGIR
024/2021	Innkjøpsreglement for Modalen kommune
025/2021	Rekrutteringstiltak - sjukepleiarkompetanse

**Notat frå møtet:**

## 018/2021: Godkjenning av innkalling og sakliste

### Behandling:

Det vart gjeve orientering frå Vaksdal barnevern v/ Jannicke Sandvik med fokus på Modalen. Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## 019/2021: Godkjenning av møteprotokoll

### Behandling:

Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

---

## 020/2021: Orienteringssaker

### Behandling:

Rådmannen orienterte om:

- Koronasituasjonen - ingenting nytt. Kommunen er framleis sittefri
- Arbeidet med det nye kommunehuset er i rute etter framdriftsplanen
- Status tilsetjing ny kommunelege - begge søkjarane trakk søknaden sin. Har midlertidige avtaler om fastlegevikar ut 2021 og kommuneoverlege ut august 2021. Avtalen om kommuneoverlege kan forlengast ut 2021 ved behov. Vurderer tidspunkt for ny utlysing fortløpande.

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om:

- status for Dagsturhytta. Synfaring utsett grunna vær/snøfall. Har tatt dronofilm av området til hjelp i lokaliseringsarbeidet. Elementa til hytta vert levert i pinsehelga. Desse vert lagar på Nygård til ein er klar for montering. Fundamentering og grunnarbeid vert starta sannsynlegvis i slutten av juli. Montering av hytta er planlagd i månadsskiftet aug/sept.

Kristin Nåmdal:

- Frist for å levere høyringsuttale til regional transportplan er 14. juli. Viktig at Modalen leverer eigen høyringsuttale. Ordførar følg opp denne saka

Ordfører orienterte om:

- TV-aksjonen 2021
- Regionrådets høyringsuttale om det nye Energidirektivet i EØS
- Rettsaka mellom BKK og LVK/kommunane om eigedomsskatt vert 11. og 12. mai.
- Planprogrammet frå Vestland fylke om klima har høyringsfrist 18. juni. Ordfører lagar høyringsutkast som vert presentert for kommunestyret 17. juni.
  
- Ynskjer gjennomgang Modalen næringsbygg i forhold til framtida. 4 representantar i kommunestyret er ugilde i høve handsaming av saker om Modalen næringsbygg, og forlot plassane sine under denne orienteringa. Representantane er Anne Britt Almelid(sit i styret), Linda Neset(vara til styret), Kristin Nåndal(sambuar med dagleg leiar) og Inga Jorunn Nåndal(svigermor til dagleg leiar). Ordfører orienterte om at han vil fremme forslag om å bestille ein uavhengig gjennomgang av selskapet i samband med handsaming av eigarskapsmeldinga som kjem opp i neste kommunestyremøte, for å få vurdert om dagens organisering av selskapet er den beste driftsformen inn i framtida.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

021/2021: Revisjon av etiske retningslinjer for Modalen kommune

Behandling:

Ass. rådmann Ove Sæbø orienterte og svara på spørsmål  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

**Modalen kommune vedtek «Etske retningslinjer – revidert utgåve 2021» slik dei ligg føre.**

---

022/2021: Søknad om stønad frå Næringsfondet - "Arbeid til alle", prosjektfase 1

Behandling:

Ass.rådmann og rådmann orienterte og svara på spørsmål.  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

**Modalen kommune vedtek «Prosjektmandat – Arbeid til alle» slik det ligg føre, og løyver inntil kr. 350 000,- i tilskot frå Næringsfondet til gjennomføring av prosjektfase 1.**

---

023/2021: Ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall for deltakarkommunane i NGIR

Behandling:

Ordførar orienterte kort om saka.  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

Forslaget til ny felles forskrift om innsamling og handsaming av hushaldningsavfall for deltakarkommunar i NGIR blir lagt ut på høyring

Høyringsfristen er seks veker

---

024/2021: Innkjøpsreglement for Modalen kommune

Behandling:

Rådmannen oienerte om saka og svara på spørsmål  
Samrøystes vedteke

Vedtak:

**Framlegg til innkjøpsreglement for Modalen kommune vert vedteke slik det ligg føre.**

**Innkjøpsreglementet vert lagt inn som eige kapittel i Modalen kommune sitt økonomireglement.**

---

## 025/2021: Rekrutteringstiltak - sjukepleiarkompetanse

### Behandling:

Rådmannen innleia med å skildre utfordringar knytt til sjukepleiarmangel og bakgrunnen for arbeidet med retningslinene i lag med dei hovudtillitsvalde.

Rådmannen, ass.rådmann og leiar for pleie og omsorg svara på spørsmål.

Forslag til endringar (sjå alt vedtak).

Linda Neset ynskjer revisjon av lønspolitiske retningsliner. Kristin Nåmdal stettar dette.

Kommunestyret ber om at rådmannen held dei orientert om korleis dei nye tiltaka virkar.

Ordførar tok alternativt framlegg til vedtak opp til votering. Samrøystes vedteke

### Vedtak:

Kommunestyret vedtek «Rekrutteringstiltak sjukepleiar 2021 - 2022» slik dei ligg føre, med desse endringane:

pkt 6 og 14: søkjarar som har relevant tilleggsutdanning endrast til søkjarar som har relevant helsefagleg utdanning.

pkt. 9: Det vert gjeve tilbod om gratis årskort på bryggjeslottet. I første omgang i tre år frå tiltredsdato, fjernast.

pkt 11. Det er mogelegheit for at tilsette kan få opplæringsstønad, her vert det i tillegg gjeve lønstilskot for oppnådde fagskule/studiepoeng i tråd med lønspolitiske retningsline, endrast til:

Det er mogelegheit for at tilsette kan få opplæringsstønad. Ved relevant helsefagleg tilleggsutdanning (60 studiepoeng) skal ein få endra sin stillingstittel og løn som spesialsjukepleiar. Ut over dette henvisast til lønspolitisk retningsline.

Lønspolitisk retningsline reviderast i 2022.

---